



Fyresdal

KOMMUNEINFORMASJON

April 2025

Frist for bidrag til mai-utgåva er
27. april. Bidraget sendast til
postmottak@fyresdal.kommune.no.

Fyresdal kommune – sentralbord: 35 06 71 00
Fyresdal barnehage: 35 06 71 80
Gimle skule: 35 06 71 76
Fyresdal bibliotek: 35 06 71 21
Fyresdal helsehus: 35 06 73 00
Fyresdal pleie- og omsorgssenter: 35 06 71 67
E-post: postmottak@fyresdal.kommune.no
Nettside: www.fyresdal.kommune.no

Innhald

I april skjer mellom anna dette.....	4
Fyresdal legekantor.....	5
Fyresdal tannklinikk.....	6
Ei pause i bookinga av kantine og skulelokale	7
Politiske møte i april	7
Kaukus – streaming av kommunestyremøte	7
Politiske vedtak	7
Månadleg faktura på kommunale avgifter.....	7
Møteplass ved lengre utfall av straum og/eller telefon- og mobildekning.....	7
Informasjon frå kultur og oppvekst.....	8
Fyresdal folkebibliotek	8
Ungdomsklubb og juniorklubb	13
Framdrift rehabilitering på kulturhuset.....	13
Kulturpris og idrettsstipend 2025.....	13
Skal du søkje spelemidlar i 2025?	13
Opningstider i symjehallen i påska	13
Gimle skule treng tilkallingsvikarar.....	14
Søkje midlar hos Ungdomsrådet.....	14
Bygge idretts-, friluftsliv- eller nærmiljøanlegg?	15
Årsmøte i Fyresdal Idrettsråd 2025	15
Båtførarkurs 3.-4. mai	16
Utleige av mobil scene.....	17
Informasjon om kontingentkassa	18
Søknadsskjema for kontingentkassa.....	19
Informasjon frå helse og omsorg.....	20
Psykisk helse og rus.....	20
Omsyn ved besøk til POS	20
Fredagskafé på POS.....	20
Besøk av lokalbutikkar på POS.....	21
Vårkonsert på POS med Klara og Torbjørn.....	21
Dagaktivitetstilbod på POS	22
Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga	22
RPH – Rask Psykisk Helsehjelp.....	22
Samtalegruppe for pårørande til personar med demens.....	23

Dette skjer på frivilligsentralen i april	24
Utstyr til utlån på frivilligsentralen.....	24
Flexiruter	26
Informasjon frå Folkestadbyen	29
Sporten Fyresdal.....	29
Kafé Hvelvet	29
Wenches terapi	29
Heimleg	29
Groven Fitness.....	29
Fyresdal Manufaktur og Leiker	30
Fyresdal Dyreklinikk	30
Merleyn.....	30
Oleas Hus	31
Maria Frisør	32
Sparebanken Sør.....	33
Spar Fyresdal.....	34
Bygdedagen	35
Diverse info frå lag, organisasjonar, næringsdrivande og private.....	36
Fyresdal Turlag	36
Sliping av knivar – Dag Birger Lie	37
Tørr bjørkeved – Gunnar Kvasjord	37
Songmøte på Betel med Johan og Gunilla.....	37
Song på POS med Johan og Gunilla.....	37
Totak AS – turbuss.....	37
Ved 2025 – Gunnar K. Veum.....	37
Tømrer Pål Kjetil Kiland	38
Sjå deg attyi 2024.....	38
Fjellgardsmat – Elin Skålid.....	38
Vevkjerringane på Gardar	38
Ved til sals – Hans Magne Breivik	38
Telemarklam.....	38
Aasbak Service og Utleie	39
Jan Erik Klausen.....	39
Metallskrammel og skrot – Dag Helge Strånd.....	39
Møte i Fyresdal pensjonistlag.....	39
Årsmøte i Fyresdal Sogelag.....	39

Påskeaktivitet i Birtedalen	40
Bibliotekkveld med Fyresdal bygdekvinnelag	40
Landhandlaren skattekamer	40
Bullseye Dartklubb.....	41
Nedrebø Maskintjenester	41
UFS Service og Vedlikehold	41
Bondal Motor	42
Tømrar Lars Ola Solberg.....	42
Lokalmatbua	42
Hyttevaktservice.....	42
Smylefår	42
Hesteeventyr	42
Allidrett for barn/barneidrettsskolen 2024/2025	43
Grindberg Trewarefabrikk.....	43
Årsmøte i foreininga Skeidet.....	43
Fyresdal Musikkorps	44
Krossli Singel og Sand.....	45
Førsdal Bygdekor	45
Aketun Fisk	46
Bygg og Låseservice	46
Tømrar Erik Midtbø.....	46
Flishogger leies ut – Gjermund Bergsland.....	46
Lift-utleige – Dag Helge Strånd	46
Våmur Bygg.....	46
Service på Jonsered motorsager	46
Dyrud Elektro.....	46
Avtraumatisering – Stein Lund Halvorsen	47
Mitek	47
Momrak Verkstad.....	47
Joker Fyresdal.....	48
Best Fyresdal.....	49
Kyrkja i Fyresdal	50

I april skjer mellom anna dette

- 01. Tur i regi av turlaget – meir info side 36
- 01. Allidrett/barneidrettsskule – meir info side 43
- 01. Øving i Fyresdal Musikkorps – meir info side 44
- 02. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 24
- 02. Årsmøte i Fyresdal Sogelag – meir info side 39
- 03. Bridge på frivilligsentralen – meir info side 24
- 03. Møte i Fyresdal pensjonistlag – meir info side 39
- 03. Dart på Gardar – meir info side 41
- 04. Fredagskafé på POS – meir info side 20
- 06. Solidaritetsgudsteneste i Moland kyrkje – meir info side 50
- 07. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 07. Øving i Førdsdal Bygdekor – meir info side 45
- 08. Strikkekafé på frivilligsentralen – meir info side 24
- 08. Tur i regi av turlaget – meir info side 36
- 08. Allidrett/barneidrettsskule – meir info side 43
- 08. Øving i Fyresdal Musikkorps – meir info side 44
- 09. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 24
- 09. Songmøte på Betel med Johan og Gunilla – meir info side 37
- 09. Årsmøte i foreining Skeidet – meir info side 43
- 10. Song på POS med Johan og Gunilla – meir info side 37
- 10. Oppstart samtalegruppe for pårørende til personar med demens – meir info side 23
- 10. Bridge på frivilligsentralen – meir info side 24
- 10. Bibliotekkveld med Fyresdal bygdekvinnelag – meir info side 40
- 10. Dart på Gardar – meir info side 41
- 10. Ungdomskveld på Betel – meir info side 51
- 11. Fredagskafé på POS – meir info side 20
- 13. Friluftsgudsteneste i Birtedalen – meir info side 50
- 14. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 16. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 24
- 17. Gudsteneste på POS og i Veum kyrkje – meir info side 50
- 18. Pasjonggudsteneste i Veum kyrkje – meir info side 50
- 19. Påskeaktivitet i Birtedalen – meir info side 40
- 20. Festgudsteneste i Moland kyrkje – meir info side 50
- 21. Tur i regi av turlaget – meir info side 36
- 22. Strikkekafé på frivilligsentralen – meir info side 24
- 22. Tur i regi av turlaget – meir info side 36
- 22. Allidrett/barneidrettsskule – meir info side 43
- 22. Øving i Fyresdal Musikkorps – meir info side 44
- 23. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 24
- 24. Bridge på frivilligsentralen – meir info side 24
- 24. Dart på Gardar – meir info side 41
- 24. Ungdomskveld på Betel – meir info side 51
- 25. Fredagskafé på POS – meir info side 20
- 27. Diakonisamling på Vinjehuset i Åmot – meir info side 50
- 28. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 28. Øving i Førdsdal Bygdekor – meir info side 45
- 29. Årsmøte i Fyresdal Idrettsråd – meir info side 15
- 29. Tur i regi av turlaget – meir info side 36
- 29. Allidrett/barneidrettsskule – meir info side 43
- 29. Øving i Fyresdal Musikkorps – meir info side 44
- 29. Øving i Fyresdal Barnegospel – meir info side 51
- 30. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 24

Måndagar i
partalsveker:

Medlemsmøte i
Fyresdal Røde Kors på
frivilligsentralen

Meir info side 24

For oversikt over
politiske møte,
sjå side 7

Onsdagar og fredagar:

Junior- og
ungdomsklubb på
kulturhuset

Meir info side 13

Måndagar, tysdagar og
fredagar:

Frisklivstrening på
fysioterapiavdelinga

Meir info side 22

Fyresdal legekantor

Nytt frå helsehuset

Hege Johannessen Tovslid starta i jobben som sjukepleiar på helsestasjon 1. februar (helsestasjon/skulehelseteneste). Mobilnummeret til Hege er 94 84 06 68.

Nina Breivik har starta i ei prosjektstilling som omhandlar førebygging og tidleg innsats. Nina kan nåast på 47 88 62 70.

Opningstid og telefontid

Legekantoret held ope måndag-fredag kl. 08.00-15.30. Telefontid er kl. 08.30-15.00. Telefon 35 06 73 00.

Legevakt

Alle som har behov for legehjelp på legevakt MÅ ringe det nasjonale legevaktsnummeret 116 117. Arendal legevakt tar imot samtala og vurderer behov for legehjelp og hastegrad. Ved behov blir legen som har vakt i Fyresdal kontakta og møter innringaren til konsultasjon. Legevaktskantoret er på POS, men det er IKKJE høve til å møte direkte opp der. Alle førespurnader skal gå via 116 117.

Akutt medisinsk nødtelefon

Ved behov for øyeblikkelig hjelp, ring 113.

Telefonkontakt med lege

Ved ynskje om telefonkontakt treng legen opplysningar om årsaka til førespurnaden. Dette for å gjere ei best mogleg vurdering i høve til hastegrad på tilbakemeldinga. Legen ringer tilbake ved fyrste moglege høve, men ikkje nødvendigvis same dag. Telefonkontakt blir belasta som konsultasjon.

Prøvetaking og svartid

Ulike prøver, som t.d. CRP og urinprøve, må avtalast med lege i forkant. Svartid frå lege på e-resept og e-melding er inntil 5 arbeidsdagar.

Kontaktinformasjon til apoteket i Kviteseid

Adresse: Garverivegen 10, 3850 Kviteseid

Telefon: 35 06 88 80

E-post: kviteseid@apotek1.no

Diverse anna kontaktinformasjon

Pasientreiser: 05515

Rustelefonen: 08588

Mental Helses hjelpetelefon: 116 123

Kirkens SOS: 22 40 00 40

Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111

Fyresdal tannklinikk

Status ved Fyresdal tannklinikk per mars 2025

Det er framleis inntaksstopp for nye, betalande pasientar ved Fyresdal tannklinikk. Dette er grunna langt etterslep og varierende kapasitet dei siste åra.

Ein offentleg klinikk er nøydde til å prioritere dei som har rett på gratis tannhelsehjelp. Det er born opp til 18 år, bebuarar ved institusjonar, menneske med heimesjukehjelp og dei nye gruppene som er frå 19 år til og med 28 år der staten dekker 75 % av utgiftene hos tannlegen. Vi gjer så godt vi kan, men diverre så vil vi nå framover ha fullt fokus på å prøve å kome ajour med prioriterte grupper.

Når det gjeld betalande pasientar som er knytt til tannklinikken allereie, og som har eit årleg innkallingsintervall, er vi litt bakpå. Normal innkallingsintervall per nå er 2 år. Så dersom ein ikkje har motteke innkalling enno, så er dette grunnen. Det kan også skje at det vil gå lengre tid enn to år. Dersom ein har behov for time oftare enn dette, ber vi dykk om å kontakte ein av dei private klinikkane rundt omkring i fylket; Kviteseid, Seljord og Bø.

Påska 2025

Det vil vere påskestengd på tannklinikken frå 14.04.2025 til og med 22.04.2025. Tannklinikken i Vinje er open alle virkedagar. Elles gjeld tannlegevakta i Grenland, tlf. 90 91 33 77.

Opningstider

Framover nå er det tannlege til stades kvar onsdag og torsdag. Telefonen er open kvar dag kl. 08.00-15.00. Til tider kan kontoret vere ubemanna, men telefonen vil då gå direkte til Vinje tannklinikk som kan hjelpe med endring av timar og svare på spørsmål knytt til Fyresdal tannklinikk.

Fyresdal tannklinikk

Landstadvegen 35
3870 Fyresdal
Telefon 35 06 70 20
(telefontid måndag-fredag kl. 08.00-15.00)

Vinje tannklinikk

Vinjevegen 212
3890 Vinje
Telefon 35 07 24 80
(telefontid måndag-fredag kl. 08.00-15.00)

Ei pause i bookinga av kantine og skulelokale

Gimle skule tek ikkje imot nye bookingar av kantine eller skulelokale for skuleåret 2024/2025. Dette grunna prioritering av oppgåver – vi kan ikkje koordinere utleige på noverande tidspunkt. Avtalt utleige frå tidlegare går som normalt. Vi minner om at det er fleire høve for utleige i kommunen: Samfunnshus/kulturhus, grendehus, næringsshagen.

Politiske møte i april

02. Ungdomsrådet

03. Frivilligsentralstyret

03. Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg (OKO)

08. Hovudutvalet for plan og miljø (PM)

09. Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (REMNF)

29.-30. Vest-Telemarkrådet/-tinget

Kaukus – streaming av kommunestyremøte

Fyresdal kommune fekk i september ei ny løysing for streaming og opptak av kommunestyremøta. Du finn løysinga her: <https://app.kaukus.no/fyresdal>

Politiske vedtak

Du finn møteinnkallingar, sakslister og møteprotokollar til våre politiske møte på nettsida vår: www.fyresdal.kommune.no/postlister-og-saksdokument.

Månadleg faktura på kommunale avgifter

Det er nå mogleg å få månadleg faktura på kommunale avgifter. Dersom du ynskjer dette, send ein e-post til mari.juva@fyresdal.kommune.no.

Vi oppmodar samtidig flest mogleg til å opprette e-faktura/avtalegiro.

Møteplass ved lengre utfall av straum og/eller telefon- og mobildekning

Ved lengre utfall av straum og/eller telefon- og mobildekning vil kommunane opprette såkalla "møteplassar". På ein slik møteplass kan du få hjelp til å kome i kontakt med brannvesen, politi eller ambulanse.

I Fyresdal kommune er denne møteplassen på Fyresdal pleie- og omsorgssenter på adressa Prærien 23.

Du kan alternativt forsøke å oppnå kontakt med lokal nødetat via sikringsradio, kanal SIKR 7. NB. Dette er ein open kanal som alle kan høyre på, og skal berre brukast i nødstilfelle.

Ver førebudd og les råda frå myndigheitene.

Informasjon frå kultur og oppvekst

Fyresdal folkebibliotek



Velkomen innom for dagens avis, vekeblad og tidsskrifter. Har du bokynskje som ikkje finst i samlinga, kan vi i regelen skaffe desse frå andre bibliotek. På nettsida til Vest-Telemarkbiblioteka kan du logge deg inn for å finne eller fornye bøker. Du kan også besøke “Fyresdal bibliotek” på Facebook. Dessutan er vi godt i gang med meirope bibliotek – utlånsautomaten Frida, som heiter Ida inni, står ved inngangsdøra og hjelper til med utlån og innlevering 😊

Eit utval av bøker vi har fått inn den siste tida:

Skjønnlitteratur vaksne

Alexander, R	Drømmer fra øya	Merkel, A	Frihet: Memoarer 1954-2021
Arnaldur I	Den tause moren	Motte, A d I	Rustskogen
Arnaldur I	Mur av taushet	Nicholls, D	Du er her
Baldacci, D	Lang vei mot dag	Nylund, K	I kraft av det gode
Bengtsdotter, L	Ravnen	Roslund, A	100 Prosent
Berest, A	Postkortet	Sarenbrant, S	Mytomanen
Child, L	Hemmeligheten	Seeck, M	De fortaptes øy
Child, L	På dypt vann	Shafak, E	Det er elver på himmelen
Engman, P	Ingen	Shafak, E	Fikentreet
Hall, C L	Når jorden brister	Strelecky, J	Kafeen ved verdens ende
Hammer, E	Fortielse	Strelecky, J	Tilbake til kafeen ved verdens ende
Harvey, S	Jordbane	Strelecky, J	Gjenforening: Et tredje besøk på kafeen ved verdens ende
Hawkins, P	Den blå timen	Stuart, A	Jordmoren i Berlin
Horst, J L	Arr	Thompson, G	Barna ved donaus bredd
Hærjegård, K	Syersken og friheten	Toon, P	Den ene vi falt for
Jansson, A	Skumringens barfotbarn	Vestgaard, A L	Elsker, elsker ikke
Jægtnes, H S	Solens sønn	Bluey: Hammergården	
Jægtnes, H S	Den magiske arven	Hvor er bluey? En let-og-finn-bok	
Kjølner, L L	Sommer på Seilerholmen	5-minutters hestehistorier	
Lewis, C S	Malacandra		
McFadden, F	Kvinnen i etasjen over		
Mehlum, J	Inn i mørket		

Faglitteratur voksne

- Andersen, D Desirées sunne matprep
Andersen, G Nytt skogbruk
Bredborg, N Vanedyr: Hvordan vi blir manipulert av superstimuli og hva vi kan gjøre for å ta tilbake kontrollen
Fatland, E Sjøfareren: En reise gjennom Portugals tapte imperium
Fennell, M Å bekjempe lav selvfølelse
Færø, T Hvilekuren: Hvil smartere, stress mindre og prester bedre
Gjesvik, A Kjartan Slettemark: Kunsten å bli sett
Hansen, T Oppdrag Kola: Norges hemmelige etterretningsapparat ved grensa mot Sovjetunionen
Hobberstad, J Mat på tur
Høeg, H D Vår mann i Washington
Jakobsen, G Jeg ser deg: Hvordan relasjonskompetanse fremmer læring, mestring og trivsel
Kleppe, I Idas kjøkkenhage: enkel dyrking i hage og på balkong
Larsen, Ø S Skogbrukslære: skogkjøtsel, utmark, økonomi
Lundblad, M S Natureffekten: naturens overraskende virkning på immunforsvar, søvn, relasjoner og psykisk helse
Maske, J Bad!
Matheasdatter, B Å se og bli sett – Ta vare på flokken din
Meek, K Er det trygt å gå hjem nå? Terroren i Oslo 25. juni 2022 og tiden etterpå
Neufeld, G Hold on to your kids: Why parents need to matter more than peers
Nicholls, D Du er her
Nordstrand, B På lag med magen: optimal tarmhelse med riktig mat, nok søvn og variert aktivitet
Omdal, S E 1936: Året da alt skjedde
Pabst, K Bestefars bunker: Hvorfor krigen ikke slipper taket – en generasjonsfortelling
Ranstorp, M Hamas: Terror innenfra
Rogndal, J Instukid: Mine år på ungdomsavdeling
Snoen, J A Trump og fascismen
Steinsland, T Strikk fra Astrid Lindgrens verden, designet av Klompelompe
Stenstrøm, P H Når sjefen er en idiot
Stokke, S S Hjertervarme foreldre
Strøksnes, M A Molok: Om en stor krig på et lite stykke land kalt Gaza
Strandenes, R Piip: 15 unike fuglehus og matstasjoner du kan lage selv
Vassnes, B Kl: Den menneskelige faktor
Wisting, A Fehmers liste: dobbeltspillet som reddet dødsdømte nordmenn
Yari-Åseli, M Middag om 30: mat som hele familien liker
Ødegård, K W Lek med tradisjoner: kofter, gensere og tilbehør
Aarvig, E Døden på Oslo S: 1990

Skjønnlitteratur barn og unge

- | | | | |
|-----------------|---|-------------|---|
| Andersen, R M G | Kokosbananas og forte-seg-roboten | Helgheim, O | Valhall |
| Bright, D | Kamelen som var sur | Helgheim, O | Yggdrasil |
| Brinck, C | Musse og Helium: Den hemmelighetsfulle verden | Kaarla, R | Mummi og My: følelser |
| Bø, M H | Ni løgner og jakta på eit smil | Kaarla, R | Let og finn i mummihuset |
| Chamblain, J | Millas dagbøker: Gudinnen uten ansikt | Kinney, J | Salig røre |
| Dahl, R | 123 | Lindmo, A | Trollheim: Reisen til Atlantis |
| Falch, M | Portaltreet (andre del) | Mæhle, L | Lille dinosaurjungen: Rasmus og fargene |
| Helgheim, O | Ragnarok: Loke | Norman, M G | Dyrehagedektivene: Haien kommer! |
| Helgheim, O | Tordenguden | Norman, M G | Gepardgåten |
| | | Norman, M G | Isbjørnmysteriet |

Norman, M G Papegøyens hemmelighet
Norman, M G Pumaproblemet
Norman, M G Valpeveddeløpet
Ohlsson, K Mysteriet med den skumle skyggen
Pilkey, D Den røde rebell
Pilkey, D Hundemannen håver inn
Roskifte, K Alle sammen teller
Spont, S Molly er min
Stokke, N Brillebjørn og fantasimaskinen – På nordpolen

Strid, J M Den fantastiske bussen (eller hvordan vi kom fra A til B)
Våhlund: Håndbok for superhelter: Alle lyver
Widholm, A Spøkelsesbåtjegerne
Widmark, M LasseMajas Detektivbyrå: Rommysteriet
Yang, G L Avatar – den siste luftbøyeren:
Nord og sør
Peppas påskeegg

Faglitteratur barn og unge

Bellos, A Der fotball redder verden
Carle, E Farger med den lille larven Aldrimett
Carle, E 123 med Den lille larven Aldrimett
Collins, J Universet: Bli en romeekspert!
Erslund, B A Hestejenter
Gray, H Haier og andre dyr på havets dyp
Grøtvedt, S Ring 110
Grøtvedt, S Ring 113
Johansen, K U Ung i naturen
Mathismoen, O Norges ville dyr

Methi, F K Hele familiens påskequiz
Mæhland, I F Tømmerbil
Piro, R Kysten
Radeid, P T Uløste mysterier fra hele verden
Størksen, I Snart skolebarn: vennskap, mestring og følelser
West, T Den store guiden til Drageskolen
Williams, B World War II
Østgaard, A Norge rundt for barske barn
Aftenposten junior quiz
Norrøn mytologi

Dikt og skodespel

Hanstad, T Mor og eg

Opningstider

Bemanna:

Tysdag kl. 10.00-15.30, onsdag kl. 14.00-20.00, torsdag kl. 12.00-15.30, fredag kl. 10.00-15.30.

Sjølvetent:

Tysdag kl. 08.00-22.00, onsdag kl. 08.00-20.00, torsdag kl. 08.00-20.00, fredag kl. 08.00-20.00, laurdag kl. 12.00-22.00, søndag kl. 12.00-22.00.

E-post

kari-kristina.eidam@fyresdal.kommune.no

biblioteket@fyresdal.kommune.no

Telefon:

35 06 71 21

Nettside:

<https://vest-telemarkbiblioteka.arena.axiell.com/>

Du kan også levere bøker i den svarte kassa utanfor inngangen.

Meirope bibliotek

Vi har no begynt med 'meirope bibliotek'.

Lånarane over 16 år kan inngå ei **skriftleg avtale** med biblioteket for å bruke biblioteket utanom betent opningstid.

Lånarane kan då **låse seg inn** med eit nasjonalt bibliotek kort.

- Pin-koden kan endrast på biblioteket.
- Ved tapt kort kan vi registrere eit nytt lånekort på deg.

Ved sida av døra står ein **låneautomat**.

- Her kan du innlevere bøker ved å scanne dei og putte dei i innleveringshylla ved sida av.
- Du kan også låne bøker når du logger deg inn med bibliotek kortet ditt og scanner strekkoden.
- Strekkoden du må scanne er vanlegvis fremst på innsida av boka.

Føresette kan ha med seg **barn** under 16 år og må då vere saman med dei på biblioteket.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
<i>Meirope</i>	Stengt	08.00-10.00	08.00-14.00	08.00-12.00	08.00-10.00		
<i>Betjent (som før)</i>	Stengt	10.00-15.30	14.00-20.00	12.00-15.30	10.00-15.30		
<i>Meirope</i>	Stengt	15.30-22.00	20.00-22.00	15.30-22.00	15.30-22.00	12.00-22.00	12.00-22.00



Avtale om tilgang til MEIROPE BIBLIOTEK

Velkommen som brukar av meirope bibliotek i Fyresdal folkebibliotek!

Avtala gir tilgang til meirope bibliotek utanom betent opningstid.

Du kan låne/levere bøker på sjølvbeteningsautomaten ved inngangsdøra.

Retningslinjer:

- For å få tilgang til meirope bibliotek må du ha fylt 16 år.
- Lånekortet er personleg og skal berre nyttast av deg. Andre kan ikkje sleppast inn.
- Føresette kan ha med seg barn under 16 år og må vere saman med dei på biblioteket.
- Mista/stole kort må meldast til biblioteket.
- Vis omsyn til andre, hald orden og ta vare på biblioteket ditt.
- Vindauge og nødutgangen haldast lukka.
- Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar.
- Ved brannalarm må bygget forlatast umiddelbart.
- Forlat lokalet når det kjem beskjed om at det stenger over høgtalaren.
- Brot på retningslinjene kan føre til at du mistar tilgang til meirope bibliotek.
- Det er kameraovervaking i biblioteket. Hærverk meldast til politiet.

Eg har lese retningslinjene og godteke dei:

Dato: _____ Lånenummer: _____

Namn med blokkbokstavar: _____

Signatur: _____

Ungdomsklubb og juniorklubb

Juniorklubben er open på onsdagar kl. 13.55-20.30.
I april er det ope alle onsdagar utanom i påska.

Ungdomsklubben er open fredagar kl. 17.00-22.00 i partalsveker
og kl. 15.00-22.00 i oddetalsveker. I april er det ope alle fredagar
utanom i påska.



Framdrift rehabilitering på kulturhuset

Då er arbeidet med nye toalett og oppussing av foajeen
godt i gang på kulturhuset. Så langt ser det ut til at
arbeidet er i rute, og planen er at det skal vere ferdig til
17. mai.



Det blir stas, og vi gler oss til å kunne bruke heile huset ferdig oppussa.

Det er Viking Bygg frå Kviteseid som står for arbeidet.

Kulturpris og idrettsstipend 2025

Har de innspel til kandidatar, sender de innspela til Fyresdal kommune. Fristen for innspel er
15. april 2025. Reglar for tildeling av prisane finn du på heimesida til Fyresdal kommune
under «Kultur, idrett og fritid» og «Kommunale tilskot - kultur og idrett».

Skal du søkje spelemidlar i 2025?

Klikk deg inn på nettsida til Fyresdal kommune for meir info og link til
spelemiddelprosedyren:

[Kommunale tilskot - kultur og idrett - FYRESDAL KOMMUNE](#)

Hugs at dersom du skal søkje kommunale midlar til idrettsanlegg, må det sendast søknad til
kommunen innan 01.05.

Har du spørsmål er det berre å kontakte Hilde på kulturkontoret!

Opningstider i symjehallen i påska

- Onsdag 16. april: Ope kl. 17.00-21.00
- Fredag 18. april (langfredag): Stengt
- Laurdag 19. april (påskeaften): Ope kl. 11.00-15.00

Symjehallen stenger for offentleg bad frå 01.05.2025, og opnar att 01.10.2025.

Gimle skule treng tilkallingsvikarar

Vi treng vikarar til både heile dagar, enkelttimar og timar fordela på ei eller fleire klasser. Aktuelt tidsrom er kl. 08.20–13.55.

Vi ynskjer ungdom og vaksne over 18 år som har lyst til å bidra til ein fin kvardag og oppvekst i Fyresdal kommune.

Som tilkallingsvikar vil du lære mykje spennande som du kan ta med deg seinare i arbeidslivet.

Vi tek omsyn til at du er ny og tilpassar dette i starten.

Ta kontakt:

Rektor Anders Bergsland: 97 73 41 52

Inspektør Kim Beck-Gundersen: 92 22 65 16

Søkje midlar hos Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har kr 20 000,- til disposisjon kvart år.

Dei ynskjer at desse midlane skal vere mogleg å søkje på for andre, og vedtok i sist møte fylgjande reglar for denne ordninga:

- Tilskotet skal gå til barn og unge
- Det skal lysast ut før 01.04. kvart år
- Søknadsfrist 01.10.
- Enkel søknad sendast post@fyresdal.kommune.no

Midlane blir då fordelt etter tiltak i fyrste moglege møte etter 01.10.



Bygge idretts-, friluftsliv- eller nærmiljøanlegg?

Da bør de sjekke ut om det er mogleg å søke om spelemidlar.

Spelemidlane kjem frå overskotet til Norsk Tipping. Dei skal bidra til at fleire får vere med på å drive idrett og fysisk aktivitet. Det kan søkast om tilskot til:

- Ordinære idretts- og friluftsanlegg
- Nærmiljøanlegg
- Rehabilitering/ombygging av anlegg
- Tilrettelegging for universell utforming av tidlegare oppførte anlegg

Det er viktig å merke seg desse fristane under, det som er noko nytt i Fyresdal, er at om du tenker å søke kommunalt tilskot til t.d. eit idrettsanlegg, må du gjere det i eigen søknad med søknadsfrist til kommunen 01.05.2025.

Meir informasjon finn du her Anleggsregisteret.no.

Fristar i Fyresdal for søkarar om spelemidlar

1.mai: Frist for søknad om kommunalt tilskot til anleggsprosjektet for neste års budsjett.

1. september: Frist for innmelding av nye anlegg til rullering av kommunalt handlingsprogram. Anlegga skal meldes inn til Fyresdal kommune og Fyresdal idrettsråd. Nye anlegg som ikkje er meldt inn til denne fristen kan ikkje søkje om spelemidlar før året etter.

15. november: Frist for elektronisk innsending av spelemidlar til Fyresdal kommune. Alle som planlegg/skal søke om spelemidlar vil ved behov få hjelp og rettleiing av kommunen.

Søknadar som ikkje er innlevert innan 15. november vil ikkje bli godkjente. Det kan søkast dispensasjon for å ettersende vedlegg.

Her finn du lenke til spelemiddelprosedyra, som er ei grei hugseliste om du tenker å søke: [Kommunale tilskot - kultur og idrett - FYRESDAL KOMMUNE](#)

Tak gjerne kontakt om noko er uklart.

Helsing kulturavdelinga

Hilde Martini Momrak – 95 27 09 05

Årsmøte i Fyresdal Idrettsråd 2025

Fyresdal Idrettsråd har årsmøte 29.04.2025 kl. 18.00 i næringshagen, møterom Roan.

Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vere styret i Idrettsrådet i hende seinast 14. dagar før årsmøtet, dvs. 25.04.2025.

Elles vanlege årsmøtesaker.

Fyresdal Idrettsråd
Nils Kristian Moe leiar

Båtførarkurs 3.-4. mai

BÅTFØRARKURS

i regi av "Tak vare på kvarandre"

3.-4.mai 2025

Kurset er for alle mellom 14-25 år.
Viss ledig plass kan deltakarar over 25
også deltake, men må då betale sjølve.

Maks 20 deltakarar. Påmelding innan 9.
april .

Kurset er gratis, men alle deltakarane
må betale eksamensavgift på kr. 907 i
forkant av kurset (meir info kjem)

Ved å melde seg på kurset forpliktar ein
seg til å deltake på eit anna
haldningsskapande arrangement i regi
av "Tak vare på kvarandre" i løpet av
det komande året.

LAURDAG 03.05: 09.00-16.00

SUNDAG 04.05: 10.00-15.00

(EKSAMEN ER RETT ETTERPÅ. FERDIG CA. 17.30)

**Påmelding til Hilde Martini Momrak på epost:
martinimomrak@gmail.com/SMS: 95270905**

Takk til Fyresdal kommune og
Sparebanken Sør som sponsar kurset!



Instruktør:
Christoffer
Bruenech frå
Redningsselskapet





Utleige av mobil scene

Fyresdal kommune har mobil scene til utleige.

Den er kjøpt inn for at vi skal ha glede av den i Fyresdal, men den blir også leigd ut ein del til andre kommunar, og her er det etter kvart blitt stor etterspurnad.

Vi vil oppmode alle i Fyresdal til å leige scenen, slik at vi ikkje ender opp med å administrere ei mobil scene som i hovudsak blir nytta andre stader.

Det kostar berre kr 3 000,- for bruk i Fyresdal (dette er veldig billig). Scenen blir frakta til staden og montert klar til bruk. Leigetakar må stille med ein person som hjelper til med opp- og nedrigg.

Det er Equitrans som driftar scena for Fyresdal kommune.

Scenemål:

- Breidde: 8 m
- Djupt: 6 m
- Høgde mellom golv og tak: 4 m
- 48 kvadratmeter
- Scenegolvhøgde: 1 m
- Total høgde: 5,5 m
- «Vindnet» inndekning bak og på sidene
- Vinnduk i front av scenegolv
- Gelender
- Trapp
- "Gangstercaps" i front av tak
- 2 scenemoduler 30 cm
- 2 scenemoduler 60 cm
- Scenetakets bæreevne er 800 kg.
- Kraftig sveivesystem for å løfte opp taket.
- 50 mm trosserør i taket.

Er du interessert i leige, tak kontakt med Tarjei Skålid i Equitrans på mobil 99 58 29 70.

Helsing kulturavdelinga

Informasjon om kontingentkassa

Fyresdal kommune innførte denne ordninga i 2019. Etter ei evaluering blei det bestemt å vidareføre ordninga. Ordninga er eit tiltak mot barnefattigdom.

Søknadar handsamast etter kvart som dei kjem inn (ingen søknadsfrist), og midlane delast ut til kassa er tom. Ordninga administrerast av avdeling kultur, kontaktperson er Hilde Martini Momrak.

For kven:

Barn og unge i alderen 6 år til dei er ferdige med vidaregåande skule, som kjem frå familiar med låg inntekt.

Kva gjevast det stønad til:

Kontingentar, aktivitetar og utstyr til enkeltpersonar slik at barn og unge i familiar med låg inntekt kan delta på organiserte fritidsaktivitetar.

Kor mykje:

Inntil kroner 3.000,- i tilskot pr. person pr. år som ein eingongsstønad. I særskilte tilfelle kan det gjevast ytterlegare stønad til t.d. deltaking i lag turneringar, cupar og leirar.

Kven kan søke (på vegne av barnet):

Det er berre laget/organisasjonen (idrettslaget, korpset, koret, lokallaget etc.) som kan sende søknaden til kommunen etter vurdering av behov for søknad. Ressurspersonar som arbeider i kommunen, eksempelvis helsesjukepleiar, miljøterapeut, barnevernstenesta m.m. kan også søke. Barnet eller familien kan ikkje sjølv søke.

Krav til søkar:

Den som søker har ansvar for å fylgje opp at barnet/ungdomen deltar i aktiviteten det er søkt stønad til. Det betyr at den som søker skal hjelpe barnet til å hugse på/kome seg til aktiviteten i starten, ikkje at den vaksne må fylgje barnet på alle aktivitetane. Oppfylginga kan og vere å sjekke at kontingenten er betalt eller liknande.

Det er den som søker som må vurdere om familien er i ein slik situasjon at eit bidrag frå kontingentkassa vil vere avgjerande for om barnet kan delta på ein aktivitet eller ikkje.

(Kontingentkassa er ikkje meint å vere eit handslag til lag og organisasjonar som har trøbbel med å inndrive kontingent). Det er barnet sitt eller familien sin situasjon som er avgjerande.

Krav til søknaden:

Vedlagte søknadsskjema må nyttast. Ver nøye med å fylle ut heile søknadsskjemaet, og hugs å leggje ved eventuelle fakturaer, kvitteringar eller liknande, dersom det er mogleg.

Spørsmål om ordninga:

Ta kontakt med Hilde Martini Momrak på 95 27 09 05.

Fyresdal kommune
Avdeling kultur
Hilde Martini Momrak

Søknadsskjema for kontingentkassa

Gjeld søknad om tilskot til kontingent og/eller utstyr til barn og unge frå 6 år og ut vidaregåande skule. Det gis inntil **kr 3.000,-** i tilskot per person per år. Den som søker **vrderer** om familien er i en slik situasjon at dei ikkje kan dekke dette sjølv. Søker fyller ut søknaden og signerer.

Kven søker (instans) Tlf.:.....
Kven fylgjer opp tiltaket: Tlf.:
E-post:.....
Barnets/ungdommens namn:..... Alder:.....
Adresse:.....
Namn føresette:..... Tlf.:.....
Adresse (føresette):.....
Kva søkast det til?.....
Kontingent/aktivitet: kr..... Innkjøp av utstyr: kr.....

Kvittering eller dokumentasjon skal helst leggjast ved.

Dersom fakturaen allereie er betalt av barnets føresette (og denne skal ha refusjon for betalt faktura), må bankutskrift/kvittering som dokumenterer dette leggast ved søknaden.

Namn på kontoinehavar:.....

Kontonummer:..... Fødsels- og personnummer:.....

NB. For å få utbetalt tilskotet til en privatperson, må vi ha fullt fødsels- og personnummer, 11 siffer.

Eg stadfestar å ha lest informasjonsbrevet som fylgjer søknadsskjemaet

Søkars underskrift.....Dato:.....

NB: Føresette skal vere informert om søknaden.

Søknaden sendast til postmottak@fyresdal.kommune.no, eller Fyresdal kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal.

Vi gjer merksam på at svarbrevet sendast direkte til organisasjonen via Altinn.

Spørsmål kan rettast til avdelingsleiar kultur, Hilde Martini Momrak, på hilde.momrak@fyresdal.kommune.no eller 95 27 09 05.

Informasjon frå helse og omsorg

Psykisk helse og rus

Målet med tenestene er å bidra til å fremme sjølvstende og styrke evna til å meistre eige liv, samt å bidra til å bryte/motverke isolasjon og inaktivitet. Tilboda gjeld deg som har psykiske vanskar eller lidingar, og/eller rusrelaterte vanskar. Pårørande til personar med psykiske lidingar og/eller rusrelaterte vanskar kan og få tilbod om støttesamtaler.

Slik kjem du i kontakt med kommunens psykisk helse-teneste:

- Send søknad om pleie- og omsorgstenester via elektronisk søknadsskjema.
- Be lege eller spesialisthelsetenesta (sjukehus/psykolog) om å formidle kontakt for deg.
- Ring direkte til Gustav Levang Iversen på 90 22 42 68. Gustav er fagansvarleg for psykisk helse og rus i kommunen.

NB. Ved akutt behov for hjelp på kveld, helg og høgtid, kontakt legevakta på 116 117.

Kva skjer vidare?

- Etter oppmodinga blir det gjort ei vurdering, vanlegvis ei samtale med kartlegging, deretter vert ein einige om eventuelle tiltak.

Tenesta omfattar mellom anna:

- Støttesamtaler, rettleiing og oppfølging i forhold til eigen livssituasjon.
- Heimebesøk/miljøarbeid.
- Samarbeid med andre aktuelle instansar som t.d. fastlege, Nav, Kvito og spesialisthelsetenesta.
- Rettleiing og tilrettelegging rundt busituasjonen.
- Støtte og hjelp i forhold til arbeid og daglege aktivitetar.
- Aktivitet i grupper kan bli aktuelt ut i frå behovet i brukargruppa.

Desse tilboda er vedtaksbasera. Dette tyder at du må søke om teneste. Tilbod blir så langt som råd tilrettelagt etter brukarane sine ynskje om aktivitetar innanfor dei rammene vi har. Tenesta er gratis.

Lågterskeltilbod (tilbod som er ope for alle, og der det ikkje er behov for vedtak):

Måndagskafé på frivilligsentralen:

Kaféen er open kvar måndag kl. 10.00-14.00. Her møtast vi for ein hyggeleg prat. Vi fokuserer på trivsel, livskvalitet, samvær og meistring. Velkomen!

Omsyn ved besøk til POS

Vi minner om oppmodinga om å vere heime dersom du er sjuk: Ver venleg å berre kom på besøk på POS dersom du er frisk.

Vi minner også om at besøkande til POS skal bruke ringeklokka: Ring på og vent til personale kjem og tar deg imot.

Fredagskafé på POS

Velkomen til fredagskafé på POS kl. 11.00-12.15.

Besøk av lokalbutikker på POS

Tysdag 6. mai klokka 10.30 kjem Fyresdal Manufaktur og Oleas Hus på besøk til POS.

Då har du høve til å handle klede til vår og sommar, samt litt andre spanande saker!

VELKOMEN!



Vårkonsert på POS med Klara og Torbjørn

Det blir konsert med Klara og Torbjørn onsdag 7. mai kl. 11.00.

Påmelding – som alltid – på 35 06 71 52 innan 6. mai (dagtid).



Klara Hansen Siljan og Torbjørn Steinhaug

Dagaktivitetstilbud på POS

Fyresdal pleie- og omsorgssenter har dagaktivitetstilbud for:

- Heimebuande personar med demens. Måndagar og onsdagar kl. 10-14. Tilbodet er gratis. Søkar må ha ei diagnose eller vere under utredning.
- Heimebuande eldre med nedsett funksjonsnivå. Tysdagar og fredagar kl. 10-14. Transport med fleksiruta til og frå pleie- og omsorgssenteret. Eigenandel på kr 105,-.

Dagaktivitetstilbodet som tilbydast skal bidra til å vareta deltakaranes funksjonar i dagleglivet, fremje livskvalitet og førebygge/reducere isolasjon og einsemd. I tillegg vil dagaktivitetstilbodet kunne innebere avlastning og støtte til pårørande.

Aktivitets- og kulturarbeidaren vil legge opp program som inneheld sosiale, kognitive og fysisk stimulerande aktivitetar. Både generelle og individuelle aktivitetar tilpassa.

Søknad om dagaktivitetstilbud skal gå til tenestekontoret.

Ta kontakt med Siv S. Seltveit på 35 06 71 65.

Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga

- **Herretrim:** Måndagar kl. 13.15 på fysioterapiavdelinga. Styrke, stabilitet, balanse og kondisjonstrening. 45 min leia av fysioterapeut. Treninga er gratis og open for alle. Treng ikkje påmelding.
- **Dametric:** Tysdagar kl. 13.15 på fysioterapiavdelinga. Styrke, stabilitet, balanse og kondisjonstrening. 45 min leia av fysioterapeut. Treninga er gratis og open for alle. Treng ikkje påmelding.
- **Barseltrim:** Annan kvar fredag (partalsveker) kl. 12.00 på fysioterapiavdelinga. Fokus på kjernemuskulatur og bekkenbunn, men også styrke, stabilitet og balanse. Hyggeleg og nyttig aktivitet for mor og barn og den gravide. Individuell tilpassing og vurdering. Påmelding på telefon 95 21 79 71.

Har du spørsmål, er det berre å ringe oss! Velkomen på trening!

Helsing fysioterapeutane

RPH – Rask Psykisk Helsehjelp

Rask psykisk helsehjelp er eit tverrfaglig samansett team i Vest-Telemark med brei og god kompetanse. Alle har lang erfaring med å jobbe med psykiske helseutfordringar i kommune- og spesialisthelsetenesta. Alle tilsette har vidareutdanning i psykisk helse/rus og kognitiv terapi.

Er kvardagen krevjande? Strever du med tunge og triste tankar? Føler du deg nedstemt? Står du i ei livskrise? Opplever du at stress, uro, søvnevanskar og bekymringar overvelder deg eller gjer det vanskeleg å fungere? Hos oss kan du få hjelp utan lang ventetid, slik at problema ikkje utviklar seg.

Ta kontakt:

Telefon/sms: 90 67 01 30 (telefontid tysdag-torsdag kl. 12.00-14.00)

E-post: rph@vest-telemark.no (ikkje skriv sensitiv informasjon i e-post)

Samtalegruppe for pårørende til personar med demens

Målsettinga for pårørendetiltak er å gje pårørende støtte til å meistre dei praktiske og følelsmessige omstillingane og utfordringane som følgjer med omsorgen for ein person med demens.

Er du pårørende eller nær venn til ein person med demens?

Fyresdal kommune startar opp samtalegruppe torsdag 10.04.2025. Det er planlagt 4 samlingar kl. 16–17 på POS.

I samtalegruppa treffer du andre pårørende i same situasjon og fagpersonar med kompetanse på området. Pårørende delar erfaringar, gjev kvarandre råd og støtter kvarandre.

I samtalegruppa vektlegg vi openheit i trygge omgjevnadar.

For nærmare opplysningar og påmelding, kontakt Saskia Drenth, kultur- og aktivitetsarbeidar ved pleie og omsorg: 35067152 (dagtid).

Påmeldingsfrist er tysdag 01.04.2025.

Arrangør:

Fyresdal kommune ved Saskia Drenth og Gry S. Åmlid i samarbeid med prostdiakon Eilev Erikstein



Dette skjer på frivilligsentralen i april

Måndagar: Måndagskafé frå kl. 10.00 – alle er velkomne (NB. Det er ikkje kafé 2. påskedag).
Fyresdal Røde kors har medlemsmøte måndagar i partalsveker frå kl. 18.00.

